

Utkast til Prosjektplan: **STRANDEBARM 2011+**

Strandebarm m/ naturlege nærområde – eit moderne, triveleg og robust samfunn for alle

Forstudien

1. Mål og rammer

1.1 Bakgrunn

Det har vore nedgang i folketalet i Strandebarm dei siste åra. Ungdommen reiser ut – og blir, i altfor mange høve, verande.

Kringom i bygdene har ein, ei tid, snakka om kva som kan gjerast med denne situasjonen.

Dette prosjektet er eit forsøk på å arbeida noko meir systematisk med denne utfordringa.

1.2 Prosjekt mål

Førebels arbeidsmål for prosjektet kan t.d. vera: Strandebarm og områda i nærleiken er ein attraktiv stad for dei unge å bu og å etablera seg. (Den endelege målformuleringa for prosjektet vert evt. å gjera i forstudiefasen)

Mål for forstudien:

Eit meir framtidsretta samfunn i Strandebarm og områda kring.

Delmål:

1. Å oppnå semje om status og utfordringar
2. Å oppnå semje om tiltak som bør analyserast og vurderast nærare i forprosjektet
3. Interimstyret som har fungert i forstudien, gjer framlegg om organisering av prosjektet, og undersøker i bygdelaga kven som ynskjer å vera med.
4. Interimstyret etablerer formelle og uformelle kontaktar, både internt i bygdene og eksternt, og undersøker moglege finansieringsmetodar for å gjennomføra prosjektet.
5. Interimstyret lagar framlegg til plan for forprosjektet (I forprosjektet analyserer, undersøker og vurderer kor haldbare og fornuftige dei ulike tiltaka er. Ein vurderer kva tiltak ein vil satsa på. I Hovudprosjektet vert desse gjennomført)

1.3 Effektmål

Folketalet i Strandebarm og nærområd aukar, unge folk slår seg til og det vert etablert fleire verksemdar. Effektmålet er det me håpar blir det varige resultatet av prosjektet.

1.4 Rammer

Ramma for forstudien er å etablera eit interimstyre, føre nødvendige drøftingar med lag, organisasjonar og folk flest. Etablera kontakt med ulike offentlege styresmakter, og med næringsliv som kan vera interessert.

2. Omfang og avgrensing

I forstudien prøver ein å finna konkrete svar på delmåla framanfor. I drøftingane kan ein t.d. stilla spørsmål som:

- 2.1 *Kva er den faktiske situasjonen? Kva er stoda for dei forskjellige aldersgruppene?*
- 2.2 *Erkjenner vi at situasjonen tilseier framtidretta planar og handling?*
- 2.3 *Kva mål avteiknar seg som dei beste?*
- 2.4 *Korleis vil vi at samfunnet vårt skal vera i framtida?*
- 2.5 *Korleis kan me få flest mogleg med i prosessen for eit betra fellesskap?
Borna – ungdommane – dei vaksne – dei eldre?*
- 2.6 *Kva kan dei einskilde gjera?*
- 2.7 *Kva alternative strategiar kan tenkjast?*
- 2.8 *Kva nettverk bør vi etablere og/ eller friska opp? Kan det vera fornuftig å få til samarbeid med for eksempel: Universiteta – Handelshøgskulen – BI – Høgskulane i Bergen – Høgteknologisenteret – Vitensenteret i Bergen, etc.?*
- 2.9 *Kan desse utdanningseiningane sine behov for aktuelle master- og doktorgradsoppgåver verta ei verdfull og rimeleg hjelp for oss? Jamfør ei VINN- VINN løysing!*
- 2.10 *Kan det vera ein aktuell tanke å stimulera Kvam, og evt. andre av kommunane kring Hardangerfjorden, til å etablere eit regionalt senter for forskning med spesielt fokus på økologi, miljø og naturvern?*
- 2.11 *Kanskje bør ein etablere "Hardangerforskning" og dernest arbeida i samspel med ulike nasjonale- og utanlandske forskingsmiljø i t.d. EU, FN, etc.?
Jamfør det store potensialet som spesielt Hardangerfjorden og Folgefonna representerer + at Hardanger treng sterkt til arbeidsplassar også av denne meir teoretiske kategorien.*
- 2.12 *Kan me få folk frå den moderne offshore- næringa med på laget? Obs, Mange positive, dugande personar frå Strandearm/Kven arbeider offshore?*
- 2.12 *Korleis kan oppdrettsnæringa best integrerast?*
- 2.13 *Korleis kan ein best få til å byggje effektive nettverk? T.d.: Etablering av ei eiga WEB - basert Lokalavis for Strandearm? Oppretting av nye bussruter som knyter folket og bygdene betre saman? Etablering av særlege temastader på facebook?*
- 2.14 *Korleis kan vi best stimulere til entreprenørskap?*
- 2.15 *Bør me laga permanent etablerarskule saman med gode fadderskapsordningar som tilbod til dei som vil starta verksemd?*

2.16 Ville det "gamle" skuleområdet og skulebygningane kunne verta ein høveleg felles tilhaldsstad / senter for nye verksemdspirer? Jamfør kombinasjonen rimeleg husleige og den flotte dugnadsanda som har rådd Strandebarm i lange tider! Dugnadsevna vart seinast demonstrert under bygginga av Strandebarm Idrettspark og det nye skuleanlegget. Jamfør her omgrepa "Inkubator-senter" og "Rugekasse" som vert nytta ein del andre stader.

Kva handlingsplanar utkrystalliserer seg som mest fornuftige?

Kva prioritering vil vera mest fornuftig?

(Desse og fleire spørsmål er aktuelt å stilla i forstudiefasen. Nokre vil falla bort som urealistiske i dette prosjektet, andre vil de undersøkje nærare i forprosjektet. Det er alltid viktig å måla dei tiltaka me drøftar opp mot målet me har sett oss)

3. Organisering

Prosjektet vert organisert som eit prosjekt i tre fasar, forstudien, forprosjektet og hovudprosjektet, der kvar fase vert vurdert, avslutta, og ein må gjera vedtak om ein skal gå vidare til neste fase.

3.1 Ansvar

Prosjekteigar:

Prosjektansvarleg:

Prosjektleiar/prosjektkoordinator:

Prosjektgruppe:

3.2 Referansegruppe

Grendeutvala, Næringsdrivande og næringsinteresserte personar i område, Sparebanken Vest, DnB, Hardingbanken Strandebarm Idrettslag, Kvam herad v/ rådm., Kvam Herad v/tiltaksleiar, Hordaland Fylkeskommune v/ tiltaksansv.leiar, Strandebarm Skule

4. Avgjerdspunkt, oppfølging og milepelar

Forstudien vert drøfta med lag, organisasjonar, grendautval, næringsverksemdar, kommunen, fylket og andre aktuelle. Jfr. Referansegruppa og evt. andre med relevant inngrep.

4.1 Avgjerdspunkt (føreløpige)

Prosjektet vert planlagt og organisert i 1. halvår 2011.

Forstudien: 01.03.11-31.07.11

Forprosjektet vert gjennomført i perioden 01.08.11-01.06.12..

Hovudprosjektet, implementeringsarbeid, i perioden 01.06.12-01.06.14.

4.2 Oppfølging

4.3 Milepelar

Nr.	Dato	Milepæl

(Her skriv me inn når me skal vera ferdige med bestemte viktige oppgåver i prosjektet. Dette vert ofte markert på ein eller annan måte)

5. Risikoanalysar og kvalitetssikring

5.1. Kritiske suksessfaktorar

Risikofaktor	S	K	RF	Tiltak

Proessen er slik:

1. Finn risikofaktorane. Spør: Kva kan skje som vil medføra hindring av måloppnåing? Det kan vera lurt å gå systematisk gjennom kvar hovudaktivitet med same spørsmål. Skriv det ned i skjema under risikofaktor.
2. Sannsynleg: Er det sannsynleg at risikofaktoren kan skje? Her skal du nummerere frå 1 til 5 om faren er stor. 1 – lite sannsynleg 5 – svært sannsynleg
3. Konsekvens: Korleis vil det hindra måloppnåing om risikofaktoren inntreffer? Er risikoen for at målet ikkje vert nådd stor eller liten. Nummerer frå 1 til 5. 1 – lite sannsynleg 5 – svært sannsynleg
4. Multipliser sannsynleg med konsekvens. Sett nummeret du får under RF.
5. Dei risikofaktorane som får høgast total sum må arbeidast meir med. Korleis hindra / redusera skaden dersom risikofaktoren oppstår, og dersom det skjer korleis møte dei. Noter det ned i skjema under tiltak. Overfør desse til prosjektplanen under 5-1.

NB! Dei risikofaktorane som ikkje er mogleg å hindra, (oftast med høgast poengsum) skal fleire tiltak for å redusere skaden drøftast nærare under punkt 5-2.

5.2 Kvalitetssikring

6. Gjennomføring

6.1 Hovudaktivitetar

(Her fører me opp aktivitetane, med ansvarleg, tidsfristar m.m.)

6.2 Tids – og ressursplanar

7. Økonomi

Prosjektbudsjett

Handling	Kostnad pr time	Totalt antal timar	Kostnad

(Her kjem fram kostnader til ekstern konsulenthjelp, trykking av dokument, reiser, leige møterom el. Likn).

Dato: 1.febr. 2011

Alf H. Brekke

(entusiastisk projektskisse- forfattar)

Senior Engineering

Strandebarn

5620 Tørvikbygd

E-post: alfhbrekke@gmail.com

Tel.: 91894757

PS! Ver glad å ta kontakt om evt. spørsmål eller liknande. ds.